



Det vert kraftig lydnivå opp gjennom dalen under Festidalen.

Det har tidlegare vore innvendingar til festivalleinga frå dyrehaldarar oppetter dalen om at bråket og ljosglimta frå avsluttingsfyrverkeriet er ei svært uheldig påkjenning for dyr på beite. I år kan det sjå ut som at også kraftig lydtrykk frå konsertane kan ha skræmt beitedyr.

Nærområdet og nedre del av dalen, så langt opp som til Klammeren, kan sjå ut til å ha vore påverka. Tysdag kveld laut ei eitt år gamal kvige avlivast etter å ha vorte funnen innkilt under ein vase av rotvelta tre på eit beite ved Klammeren. Nokre kalvar som hadde gått på beite på Døssland vart attfunne i Børsdalen nær kalkingsstasjonen. Ein flokk kalvar som gjekk ganske nær festivalarenaen hadde teke seg ut av beitet, og var så avskræmde at dei måtte setjast innomhus. Dei er framleis svært redde og uhandterlege, og det kan sjå ut til at ein av dei lyt naudslaktast.

Bondelagsmedlemene i dalen hadde måndag kveld eit krisemøte om denne saka, der og involverte bønder som ikkje var medlemmer møtte. Kjetil Mehl, formann i Hordaland bondelag, var og til stades på dette møtet. På møtet vart det semje om å senda eit formelt brev til festivalleinga med kopi til offentlege instansar som det og er naturleg å underretta. I ettertid tok styret i bondelaget telefonisk kontakt med festivalleinga og informerte om kva møtet hadde kome fram til. Det vart semje om at ein laut gå i dialog om korleis ein kunne løysa slike problem på best mogleg vis.

Festivalleinga har tysdag kveld hatt eit møte for å evaluera korleis avviklinga av sjølve arrangementet har vore. Med bakgrunn i det som har funne stad, tok dei og opp den siste utviklinga med skadde dyr, og at media har fått nyss om saka (sjå mellom anna nettutgåva av Kvinnheringen). Bjørn Olav Tveit beklagar på vegne av festivalleinga sterkt det som har funne stad. Dei har starta ein dialog med bondelaget, og vil i utgangspunktet forhalda seg til dei. Konkrete løysingar kan me ikkje seia noko om før me har diskutert dei med bondelaget, seiar han.

Tekst: Svein Rimestad

Arkivfoto: Egil Høgemark
Nett: Thor Inge Døssland